# U1 Uttale frå årsmøtet til Steinkjer SV

Høgsteretten kunngjorde 11.10.2021 at reineigarane på Fosen hadde vunni saka si. Konsesjonen som Fosen Vind fekk i 2010 vart kjent ugyldig, fordi vind-anlegget hindrar samane i å utøve kulturen sin. Dermed har vi her å gjera med eit brot på folkeretten.

Samane krev at utfallet av rettssaka må bli at vindmøllene blir tekne ned, og at naturen i området blir reparert.

Årsmøtet i Steinkjer SV stør sørsamane i dette, og vi vil appellere til staten som er majoritetseigar i Fosen Vind, om at utfallet blir slik samane krev.